

Konsekvensutgreiing naturressursar for detaljreguleringsplan på Eidsnes



Datert 08.04.2021

Prosjekt: Detaljregulering for Eidsnes	Rapportdato: 08.04.2021 Revidert
Fylke: Vestland	Kommune: Alver
Stad: Eidsnes	
Oppdragsjever:	Forfatter: Bjørnar Ophaug Boge

Innhald

1. Innleiing.....	3
1.1 Nasjonale mål om jordvern	3
2. Metode.....	4
2.1 Influensområde	8
2.2 Datagrunnlag.....	8
3. Dagens situasjon – Verdier	9
3.1 Skildring av naturressursar	9
4. Vurdering av verdi.....	14
5. Vurdering av påverknad	16
6. Konsekvens.....	17

1. Innleiing

Til oppstart av og ved tilbakemeldingar til planprogrammet vart det presisert at naturressursane i området må undersøkast. Planprogrammet for reguleringsplan med konsekvensutredning blei vedtatt i formannskapet i Alver og gjer følgjande føringar for temaet:

Kartlegge naturressursar/ verdisetje. Vurdere verknadane planlagd utbygging vil kunne få på naturressursane. Metode er gitt av statens vegvesen handbok V712.

1.1 Nasjonale mål om jordvern

I nasjonal jordvernstrategi vedtatt av Stortinget 8.12.2015, er det satt ei målsetting om at omdisponering av jordbruksareal til utbyggingsformål skal vere mindre enn 4000 dekar/år innan 2020. Målsettinga gjeld nasjonalt, totalt for alle sektorar og regionar.

Jordlova har som føremål å leggja tilhøva til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell med tilhøyrande arealressursar kan verte brukt på best mogleg tenleg måte for samfunnet og framtidige generasjonar sine behov. Arealressursane bør disponerast på ein måte som gjer ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med vekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Aktuelle retningslinjer kan t. d vera samordna areal- og transportplanlegging, styrking av barn- og unges interesser i planlegging, folkehelse, differensiert forvaltning i strandsona osv.

Bestemmelsene i jordloven § 9 innebærer et forbud mot omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til formål som ikke hører inn under eller er et ledd i jordbruksproduksjon. Formålet med omdisponeringsforbudet er jordvern, altså å sikre produktive, matproduserende arealer og jordsmonnet. Utgangspunktet er med andre ord at det er et forbud mot å ta jordbruksarealer i bruk til boligbygging, industri eller samferdselsanlegg, for å nevne noen eksempler. Driftsbygninger og landbruksveier inngår derimot som et ledd i jordbruksproduksjon, og omfattes ikke av omdisponeringsforbudet selv om tiltakene skjer på jordbruksarealer eller dyrkbar jord. Selv om forbudet mot omdisponering legger opp til et strengt jordvern, kan det ved «særlege høve» gis dispensasjon til omdisponering. Det skal foretas en samlet vurdering, der det skal tas hensyn til godkjente planer etter plan- og bygningsloven, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet omdisponeringen vil gi.» (Landbruksdirektoratet rapport «Vernebestemmelsene i jordloven», 2016)

Tabell 1: Skala og veiledning for konsekvensvurdering av delområde

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (----)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
---	3 minus (---)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
--	2 minus (--)	Betydelig miljøskade for delområdet.
-	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+ / ++	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
+++ / ++++	3 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.

Kriteria for verdsetting av lokaliteter og områder følger Statens håndbok V712 (Statens vegvesen 2018):

Tabell 2: Kriteria for verdsetting av lokaliteter og områder følger Statens håndbok V712 (Statens vegvesen, 2018)

Regis- trerings- kategori	Del- kategori	Ubetyde- lig verdi	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Jord- bruk ⁷⁸	Jorbruks- areal med jords- monnkart		Jordressursklasse 3 med store driftstekniske begrensninger Jordressursklasse 4	Jordressursklasse 2 med store driftstekniske begrensninger Jordressursklasse 3 uten store driftstek- niske begrensninger	Jordressursklasse 1 med store driftstekniske begrensninger Jordressursklasse 2 uten store driftstek- niske begrensninger	Jordressursklasse 1 uten store driftstekniske begrensninger
	Fulldyrka jord uten jords- monnkart			Organisk jord eller jorddekt, tungbrukt	Jorddekt, lettbrukt og mindre lettbrukt ⁷⁹	
	Over- flate- dyrka jord eller innmarks- beite uten jords- monnkart		Grunnlendt eller organisk jord	Jorddekt		
	Dyrkbar jord		Organisk jord. Jorddekt, ikke tidligere dyrka, som enten er tørkesvak eller ikke selv- drenert, eller er selv- drenert og blokkrik eller svært blokkrik.	Jorddekt, tidligere dyrka. Jorddekt, ikke tidligere dyrka, som er selvdrenert og ikke blokkrik.		

Regis- trerings- kategori	Del- kategori	Ubetyde- lig verdi	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Utmark	Utmarks- beite	Mindre godt beite	Godt beite med middels utnyttelses- grad	Svært godt beite og stor utnyttelsesgrad		
	Jakt og fersk- vanns- fiske	Uten nærings- messig betydning	Jakt- og/eller fiske- ressurser med en viss næringsmessig betydning	Jakt- og/eller fiske- ressurser med stor næringsmessig betydning	Spesielt viktig jakt eller fiskeressurser (eks nasjonalt vik- tige laksevassdrag)	
Fiskeri	Marint biologisk mangfold			Lokalt viktige gyte- områder for torsk Annet biologisk mangfold med ressursmessig betydning	Regionalt viktige gyteområder for torsk Annet biologisk mangfold med stor ressursmessig betydning	Nasjonalt viktige gyteområder for torsk
	Kystnære fiskeri- data			Lokal bruk Andre gyteområder Viktige yngel- og oppvekstområder	Regional bruk Særlige viktige yngel- og oppvekst- områder	Nasjonal bruk
Vann	Vannfor- syning/ drikke- vann		<5% av bosettingen	5–20% av boset- tingen	21–70% av bosettingen	>70% av bosettingen
	Grunn- vann			Akvifer med god vanngiverevne (til utpumping) og mindre god vannkvalitet.	Akvifer med god vanngiverevne (til utpumping) og vann av god vannkvalitet.	Akvifer med stor vanngiverevne (til utpumping) og vann med svært god vannkvalitet.
Mineral- ressur- ser ⁸⁰	Mineral- ressurser	Alt annet	Lokalt viktig/ liten forekomst	Regionalt viktig	Nasjonalt viktig	Internasjonalt viktig
	Pukk og grus (byg- geråstoff)		Viktig og Meget viktig	Regionalt viktig	Nasjonalt viktig	Internasjonal betydning

Kriteria for påverknad følger Statens håndbok V712 (Statens vegvesen 2018), :


Tabell 3: Kriteria for påverknad følger Statens håndbok V712 (Statens vegvesen, 2018)

Tiltakets påvirkning	Jordbruk	Reindrift	Utmark	Fiskeri	Vann	Mineralresurser
Ødelagt/sterkt forringet	Betydelig areal foreslås omdisponert. Utbyggingsforslaget berører kjerneområde for landbruk eller et stort, sammenhengende jordbruksområde slik at det i stor grad reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av jordbruksareal.	Stenging av flyttlei. Inngrep i kalvingsområder som gjør disse ubrukelige. Inngrepet avskjærer eksisterende beiteområder for framtidig bruk.	Arealbeslag eller fragmentering som fjerner muligheten til effektiv utnyttelse av beiteområder. Fragmentering, vandringshindre eller andre effekter som fjerner mulighetene for næringsmessige utnyttelse av jakt og fiske.	Størstedelen av lokalitet blir varig beslaglagt. Lokalitetens funksjoner går tapt eller blir tilnærmet ødelagt.	Drikkevannskilde må tas ut av bruk. Akvifer forventes varig påvirket av forurensning eller vil få senket grunnvannstand / poretrykk.	Gjennomføring av planen vil hindre all utnyttelse eller begrense uttak av forekomsten med minst 75 % av utnyttbar mengde.
Forringet	Større areal foreslås omdisponert. Utbyggingsforslaget berører sammenhengende jordbruksområde av noe størrelse slik at det reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av jordbruksareal.	Mindre inngrep i kalvingsområder som tilnærmet kan brukes som før. Betydelig arealbeslag eller tap av beite. Sperring av trekklei med få alternativer trekkmuligheter.	Arealbeslag eller fragmentering som i betydelig grad reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av beiteområder. Fragmentering, vandringshindre eller andre effekter som i betydelig grad reduserer de mulighetene for næringsmessige utnyttelse av jakt og fiske.	Mer enn 20 % av lokalitet og funksjon går tapt.	Nærføring til tilsigsområde og/eller vannkilde som gir stor fare for påvirkning av drikkevann. Utbygging over en akvifer som gir stor fare for påvirkning.	Gjennomføring av planen vil redusere uttaket med mellom 50 - 75 % av utnyttbar mengde.
Noe forringet	Mindre omdisponering foreslås. Berører et mindre og isolert jordbruksareal.	Arealbeslag eller tap av beite i noe omfang. Sperring av trekklei med flere alternativer trekkmuligheter.	Arealbeslag eller fragmentering av beiteområder som i noen grad reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av beiteområder. Fragmentering, vandringshindre og andre effekter som i noen grad reduserer mulighetene for næringsmessig utnyttelse av jakt og fiske.	Mindre enn 20 % av lokalitet og funksjon går tapt.	Utbygging innen 200 m til tilsigsområde eller vannkilde som kan gi fare for påvirkning. Utbygging i kanten av en større akvifer som kan gi fare for påvirkning.	Gjennomføring av planen vil redusere uttaket med mellom 25 - 50 % av utnyttbar mengde.
Ubetydelig endring	Jordbruksareal/jordressurser berøres ikke, eventuelt kun noe dyrkbar jord.	Ingen eller minimal andel av beiteområde blir berørt.		Lokalitet og funksjon blir tilnærmet uendret.		
Forbedret	Bedret arrondering. Der det ligger til rette for å slå sammen dyrka jord til større enheter etter anlegg. Forbedret tilgjengelighet.	Nye/tidligere beiteområder blir gjort mer tilgjengelig. Tidligere flyttlei og trekklei kan gjenåpnes.	Bedret arrondering av beiteområder. Reduksjon av påkjørselsrisiko for beitedyr. Bedrete forhold for utøvelse av jakt og fiske (fjerning av vandringshindre, tilretteleggings-tiltak for fiskeoppgang)	Tiltaket medfører opprydding i tidligere negative tiltak, eksempelvis fjerning av fyllinger som påvirker økologiske funksjoner.	Utbyggingsalternativ som eliminerer dagens påvirkning og all belastning på eksisterende vannkilde eller større akviferer.	Gjennomføring av planen sikrer adkomst til forekomst av stor eller svært stor verdi som har forhindret uttak til nå.

2.1 Influensområde

Influensområdet er areal som kan å bli påverka av tiltaket. Planområdet dekker områder som blir direkte påverka av arealbeslag av den planlagde utbygginga. Influensområdet utgjer eit større område utanfor sjølve planområdet, som vert råka direkte og /eller visuelt av tiltak. Analyseområdet er plan- og influensområde samla.

For tema naturressursar har vi valt å avgrense analyseområdet til dei to opphavlege gardane på Eidsnes: Indre og Ytre Eidsnes. Dette for å sjå tiltakets påverknad i samanheng med det totale ressursgrunnlaget på Eidsnes.



Figur 2: Avgrensing av Influensområdet

2.2 Datagrunnlag


Utgreiinga bygger på tilgjengelege rapportar og kart:

- KILDEN.no (2021)
- Yggdrasil (2021)
- Miljøstatus (2021)
- Omsynssone landbruk i kommuneplanen sin arealdel

3. Dagens situasjon – Verdier

3.1 Skildring av naturressursar

Planområdet er lokalisert på Eidsnes i Alver kommune som ligger ca. 6,4 km vest frå Ostereidet og ca. 13 km frå kommunesenteret Knarvik. Planområdet er ca. 6,8 daa. Tilkomst til planområdet er frå E39, vidare frå Fv.5456 Eidsnesvegen. Eigendommene gnr/bnr 215/2, 5, 86, 88, 89, 19 inngår i planområdet. Planområdet grensar til landbruksområde, veg og bustad.




Figur 3: Oversiktskart som syner lokalisering av planområdet.



Figur 4: Avgrensing av planområdet


Planområde ligg innanfor omsynsone landbruk H510_oL19 i kommuneplan i Lindås (delplanar i Alver). Omsynsone landbruk representerer dei mest verdifulle landbruksareala i Lindås, både med omsyn til dyrka mark og kulturlandskap. Landbruk skal ha særskilt vern innanfor sona, og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor områda. Omsynsone H510_oL19 omfattar Eidsnes og er 760 daa. Området er skildra som «*stort sett berre fastmark. Forholdsvis aktiv drift. Hovudsakleg sauehald*» i KPA.



Figur 5: Planområdet ligger innanfor omsynsone landbruk H510.


Naturressursane i området knyt seg primært til landbruk, skog og fiske i sjø.

Det er fleire jordbrukssteigar innanfor analyseområde. Dei største og samanhengande jordbruksareala er lokalisert sentralt på Eidsnes og nokre mindre jordbruksareal i nordvest. Jordbruksareala er i hovudsak knytt til gnr/bnr 215/2, 215/3, 215/7/, 215/5 244/1, 244/2, 244/6.




Figur 7: Verdiklassar for jordbruksareal. (Kjelde: NIBIO)

Det er store skogsressursar innanfor Ytre og Indre Eidsnes og det er etablert tømmerkai her. Skogen er for det meste furudominert, med innslag av blandingskog. Der det er jordbruksareal er det også lauvskog. Berekna volum av skogsressursane er i hovudsak under 100m^3 pr. hektar, men nokre stadar mellom $100\text{-}200\text{m}^3$ pr. hektar. Alder på skogen er i hovudsak klassifisert som eldre skog 40-80 år. Lauvskogen er i hovudsak klassifisert som yngre skog <40 år (kjelde: skogoglandskap).




Figur 8: Dominerande treslag. (Kjelde: Nibio)



Figur 9: Aldersklassar for skog. (Kjelde: NIBIO)

Det er ikkje registrert utmarksbeite innanfor analyseområde. Nærmaste beitelag er Austfjorden beitelag. Beiteområde er lokalisert på Sæterfjellet. Utmarka i analyseområdet kan nyttast til jakt.

Eikangervåg er ein del av eit større gyteområde for torsk. Gyteområdet omfattar store delar av Osterfjorden og Romaheimsfjorden. Dette er registrert som eit regionalt viktig gyteområde (kjelde: fiskeridirektoratet). Andre fiskeriinteresser er låsettingsplass i sjø for i Eikangervåg (antall brukare: 1) og låsettingsplass i Innegardsvågen (antall brukarar: 1), begge områda er prioritert etter KPA. Det er også registrert fiskeplass for passive reiskap i Eikangerfjorden. Området skal vera mykje brukt, ca. 10 fartøy, sannsynlegvis medrekna fritidsfiske. Torsk og Hyse vert fiska mellom Januar-April.



Figur 10: Fiskeriinteresser. (Kjelde: Fiskeridirektoratet, Yggdrasil, 2020.)

Det er ingen vassdrag innanfor analyseområde. Vassførekomstar innanfor planområdet vert ikkje nytta i næringsssamanheng som t.d. kraftproduksjon. Det er nokre myrer innanfor analyseområde. Myrer er fungerer som karbonlager og tidlegare var torv frå myr ein viktig naturressurs for gardane i Nordhordland.


Det er ikkje registrert mineralressursar (industrimineraler, naturstein eller metall) innanfor infl. Berggrunnen i området er, i fylgje berggrunnsgeologisk kart frå NGU, registrert som granittisk gneis, stadvis med mesoperthitt, også amfibolrik gneis og amfibolitt. Lausmassedekket er registeret som bart fjell.

4. Vurdering av verdi

Samla for heile analyseområde er følgjande verdivurdering:

Verdiaspekt	Skildring	Betydning som naturressurs (stor- middels- liten)
Jordbruk		
Fulldyrka jord nibio.no	Dei fleste areal med fulldyrkajord er gitt middels til stor verdi (kilden.no)	Middels - Stor
Overflate dyrka jord nibio.no	Dei fleste areal med overflatedyrka jord er gitt middels verdi (kilden.no)	Middels
Innmarksbeite nibio.no	Dei areala med innmarksbeite er gitt noko verdi (kilden.no)	Noko
Utmark		

Utmarksbeite nibio.no	Ingen kjende. Det er ikkje registrert utmarksbeite i analyseområdet	Ubetydeleg
Jakt	Analyseområdet omfattar utmark som kan ha lokal verdi som ressurs knytt til jakt, men har avgrensa verdi i nærings og økonomisk betyding.	Noko - ubetydeleg
Skog		
Skog nibio.no	Det er store skogsressursar innanfor Ytre og Indre Eidsnes og det er etablert tømmerkai her. Skogen er for det meste furudominert, med innslag av blandingsskog. Der det er jordbruksareal er det også lauvskog. Berekna volum av skogsressursane er i hovudsak under 100m ³ pr. hektar men nokre stadar mellom 100-200 m ³ pr. hektar. Skog i området kan ha nærings og økonomisk betyding. Flere eiketrær er registrert som viktig naturtype og har ein viktig økologisk funksjon.	Middels -stor
Mineralressurs		
Mineralressurs / Pukk og grus ngu.no	Det er ikkje registrert mineralressursar (industrimineraler, naturstein eller metall) innanfor analyseområde. Berggrunnen i området er, i fylgje berggrunnsgeologisk kart frå NGU, registrert som granittisk gneis, stadvis med mesoperthitt, også amfibolrik gneis og amfibolitt. Lausmassedekket er registeret som bart fjell. Gneis og amfibolitt kan nyttast til fyllmassar.	Ubetydeleg
Vatn		
Vassforsyning / drikkevatt / grunnvatn ngu.no/granada	Det er i hovudsak kommunal vassforsyning. Vassforsyninga i området har god dekning i høve til befolkninga/utbygging i området. Vassførekomstar innanfor planområdet vert ikkje nytta i næringsssamanheng som t.d. kraftproduksjon	Ubetydeleg - noko
Fiskeri		
Marint biologisk https://yggdrasil.fiskeridir.no/	Det er registrert gyteområde for torsk området har regional betyding.	Middels
Kystnære fiskeridata	Det er registrert gyteområde for torsk . Området har regional betyding. Det er registrert låssettingsplass med låg bruksfrekvens og fiskeplass for passive reiskap.	Middels
Samla verdivurdering		
Naturressursverdiar på Eidsnes knytter seg til ressursgrunnlaget på gardane som i hovudsak er knytt til jordbruksareal, skog og fikse.		



Figur 11: Samla vurdering av verdi for naturressursar

Tilrådingar for naturessursar i analyseområde

Viktige omsyn i influensområdet: Det er få avbøtande tiltak som kan gjennomførast utover å ta omsyn til registreringane ved å ikkje bygge ned jordbruksareala, det bør ikkje tillatast tiltak som vil vera i konflikt med fiske.

5. Vurdering av påverknad

Foreslått utbyggingsformål bustad

Konsekvens for naturressursar i analyseområde Ytre og Indre Eidsnes


Foreslått utbyggingsområde. Ytre Eidsnes

Skildring av utbyggingsområdet

Arealformål: Landbruks-, natur- og friluftsmål, underformål b) areal for spreidd busetnad.

Busetnad og anlegg:

5 bustadeiningar. Utnyttinga vil vere ca. 30 % BRA. Krav om 200 m² areal til uteoppholdsareal vil verta stetta og også krav om to parkeringsplassar per tomt. Området ligg i ei skråning og er påverka av nyare utbygging.




Skildring av påverknad på naturressursar

- Jordbruk: Den foreslåtte utbygginga vil føra til utbygging i eit område som sterkt prega av menneskeleg aktivitet frå før. I NIBIO sin database «Kilden» er vegetasjonsdekke innanfor område registrert som innmarksbeite (noko verdi) og overflatedyrka jord (middels verdi) dette vert omgjort til bustadtomter med internveggar. Det er lite vegetasjon i form av trær innanfor området. Desse er i nyare tid hogd ned.
- Utmark: Ingen påverknad
- Skog: Ingen påverknad
- Fiske: Ingen påverknad
- Vatn: Ingen påverknad

Konklusjon: Areal som det er forslag til å omdisponere er av mindre omfang, og vil ikkje forringe større samanhengande jordbruksområde. Planframlegget vil ikkje redusere moglegheita til effektiv

utnytting av eksisterande jordbruksareal. Planen fører til noko arealbeslag og tap av beite og overflatedyra jord, dette er av lokal og liten betydning. Planforslaget er vurdert til få **Ubetydeleg – noko forringa** påverknad for tema naturressursar.




Figur 12: Samla vurdering påverknad for planområdet

Tilråding til planen: Jorda innanfor planområdet er skrin. I samband med utbygging av området kan landbruksjord frå areala nyttast til revegitering innanfor planområdet.

6. Konsekvens

Samla konsekvens for tema naturressursar



Figur 13: Samla konsekvens for tema naturressursar